

# Øy Nytt

Kyrkjeblad for Øygarden

Lyset ovanfrå



Illustrasjon til andakten av Rolf Kjode på siste side



**I dette nummeret kan du m.a. lesa:**

Øygarden Frivilligsentral  
Historie frå 1. verdenskrig  
Kenya-helsing  
Leirglimt

Side 4  
Side 5  
Side 6  
Side 8 og 9



## "Eg bed at dei alle må vera eitt":

### Reisebrev frå London-November 2010.

Når eg skriv dette er eg nett komen heim frå London saman med min ven, soknepresten i Sund. Med fridagar tilgode gav vår gode prost Erling oss høve til å dra på studiereise saman siste veka av november til vener og kontaktar i det "anglokatske" miljøet i Church of England. Prostiprest Egil styrte "butikken" medan Helge og eg tok inn hos ein presteven i Greenwich. Vi vart viste ein utruleg gjestfridom og vart minte på kor viktig det er at kristne heimar er gjestfrie og opne.

#### I

I ei veke har vi vore med på messer og hatt gode samtalar med både preste- og bispevener. Og, vore turistar, med tog, "tube", bybane og Themsen-båt. Og hatt Fish and Chips til lunsj. Vi fekk òg med oss eit julespel etter gamal tradisjon i St.Clemenskyrkja i Cheapside i City. Her vart vi oppfordra til å klappe for Kristus, og "bue" på Satan! Ålvorleg og morosamt på same tid. Og vi vart trakterte med vaffler og kaffi på Sjømannskyrkja i Rotherhithe med gode møter med dei to Sjømannsprestane.

#### II

Som mine kjære kyrkjelydar og medarbeidarar kanskje hugsar, skreiv eg om ein liknande tur i ØyNytt 04/03, med titelen "Framover i Tru" der dei gode møtene det året med gamaltruande kristne i eit anna kyrkjefamfunn gav meg grunn til å seia:

*"(Det)vil vere mykje til trøyst og styrke om vi gamaltruande kunne danne eit kyrkjeleg nettverk, både i vårt land, og saman med alle dei som vil stå på same grunnvollen i andre land."*

Året etter freista eg saman med andre å halde fram arbeidet i den frie norske kyrkjesyndoden SKG, Samråd på Kirkens Grunn-utan å lukkast. Seinare har Carissimi kome til. Gud gje at dei kan lukkast!

#### III

Eg har same konklusjonen i 2010 som i 2003!

Helge og eg møtte nemleg no m.a. sekretæren i vedkjenningsrørsla **Anglican Mainstream** og vi vart sær imponerte av kor godt samarbeid låg-og høgkyrkjelege har fått til i UK, Afrika, Nord-og Latinamerika, og Australia. Eit mylder av organisasjonar og rørsler er med. Dette må vi kunne klare òg i vesle Noreg!

Tenk om vi som er gamaltruande i Øygarden og i Vesthordland kunne overtyde både låg-og høgkyrkjelege "her vest", ja, i Noreg, Skandinavia, og i alle høve vi som har evangelisk-luthersk bakgrunn og vedkjenning, same bibelsyn om kor viktig det er **å stå saman, gå saman, Framover I Tru!**

**Kristus ber om at vi som vedkjenner Hans store Namn må vere eitt!**  
**Joh.17,21-22.**

**Juleevangeliet om Inkarnasjonen, fortel at Jesus Kristus sjølv vart fødd inn i vår verd som vår Bror og Frelsar.**

**Det at Kristus vart vår Bror og at vi som trur på Han er brødre og sysken vil eg oppmode om at vi mediterer over denne adventen med bakgrunn i Hebrearrevet 2:**

**10 For Gud som er grunnen og opphavet til alle ting, ville føra mange born til herlegdom. Då måtte han la hovdingen som fører dei til frelsa, nå fullendinga gjennom lidingar. 11 Han som helgar, og dei som vert helga, har alle same opphav. Difor skjennest ikkje Sonen ved å kalla dei brør.**

**12 Han seier: Eg vil forkynna ditt namn for mine brør, midt i lyden vil eg lovsyngja deg.**

sokneprest@kyrkja.net

**Frist for stoff til nr 1: 11 er 18. januar**



## Den norske kyrkja i Øygarden

### ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden

Utgjevar: Hjelme og Blomvåg kyrkjelydar  
Redaktør: Odd N. Thormodsæter  
Kontingent: Min. kr 100,- innan kommunen  
Min. kr 150,- utanom kommunen  
Takkeannonsar: kr 100,-  
Kontonr. 3628.07.02557  
Trykk: Grafisk Trykk, 5353 Straume  
Distribusjon i Øyg. Hurtiglevering, tlf 9866 5329

### Kyrjekontoret:

Besøksadresse: Rong senter, 2. etasje  
Postadresse: Boks 144, 5331 Rong  
Telefon: 5638 2240  
Faks: 5638 2241  
Vakttelefon prest: 5638 2244  
E-post: kontor@kyrkja.net  
Heimesider: www.kyrkja.net  
Ekspedisjonstid: måndag – fredag: 0900 – 1500

### Tilsette:

Kontorleiar: Kari Sandøy Rong  
E-post: kontor@kyrkja.net

### Kyrkjelydspedagog:

Trine Overå Hansen  
E-post: kyrkjelydspedagog@kyrkja.net  
Telefon: 5638 2247

### Kantor:

Anne Lise Grøm  
E-post: kantor@kyrkja.net  
Tlf. 5638 2245/9188 1208

### Sokneprest:

Svenn Martinsen  
E-post: sokneprest@kyrkja.net  
Tlf. 5638 2244/9506 7890

### Diakonimedarbeidar:

Björg Blom  
E-post: diakon@kyrkja.net  
Tlf. 4781 6181

### Kyrkjevevjerje:

Odd N. Thormodsæter  
E-post: kyrkjevevjerje@kyrkja.net  
Tlf. 5638 2243/990 16 616

### Kyrkjjetenar/kyrkjeg.arb. Blomvåg:

Kåre Kristoffersen, 911 05 197  
Klokkar i Blomvåg: Ole Vik

### Kyrkjjetenar/kyrkjeg.arb. Hjelme:

Kjellaug og Raymond Vik 900 30 753/900 75 652

### Blomvåg kyrkje:

5638 7022

### Hjelme kyrkje:

5638 8030

### Råda:

#### Hjelme og Blomvåg sokneråd:

Leiar: Olaug Merete Rong

#### Øygarden kyrkjelege fellesråd:

Leiar: Atle Dåvøy

#### Beredskapsordning for Vesthordland prosti

Tlf. 954 83 655

Denne ordninga gjeld berre for tenester som ikkje kan venta, slik som dødsbod og støtte i kritiske situasjonar.

Beredskapordninga gjeld på kvardagar frå kl 1700 til kl 0800 neste dag. Laurdag og søndag gjeld ordninga heile døgeret.

Vakttelefonen for Øygarden på dagtid er som før 5638 2244.



Djupaste mørker ligg over jord,  
frosthard er marka, stjerna står stor  
høgt over huset - der på eit fang  
Frelsaren kviler, natta er lang.

Kransa kring bålet, hyrdingar små  
englesong høyrer. No vil dei gå  
like til ställen, stilt stig dei inn,  
kneler for barnet, kysser hans kinn.

Angen av høyet, bitter og yr,  
pusten av trøyte, nattvarme dyr,  
vinden som kviskrar - alt andar ut:  
No er han komen! Her er vår Gud!

Kongar frå Austen, vismennar tre,  
røykjelse, myrra, gull har dei med.  
Vidt har dei fare, langt skal dei dra,  
bodskap få bera. Halleluja!

Tettast ved krubba, moderleg god,  
vaker Maria, glad er ho no.  
Guten ved barmen, tvegen og fin;  
Gudeson er han, sjå kor han skin!

Maria, Maria, visste du vel  
alt det som ventar: Sverd i di sjel,  
naglar og tornar, blod på ein kross?  
Ofrast lyt Sonen, ofrast for oss.

Djupaste mørker ligg over jord,  
alt fekk du prøva, Jesus, min bror.  
Gå ikkje frå meg, Herre, eg bed!  
Ven frå det høge, du er min fred!  
T Arnfinn Haram  
M Ariel Ramirez

Dei fleste åra eg har vore prest har eg sytt for at salmen Djupaste mørker har vorte sunge på ei av gudstenestene i julehøgtida. Salmen til Arnfinn Haram, som var vikarprest i Øygarden medan eg var ung, har fylgd meg sidan Salmer '97 kom ut i 1997, det året eg vart ordinert til prest i Blomvåg kyrkje.

Mange av dei nyare julesongane og –salmene er på bokmål. Sidan denne salmen er på nynorsk, mitt eige mål, kjenner eg meg meir heime i orda og bileta i han. På forunderleg vis klarar orda å skapa gode bilete, eg kjenner lukta av dei nattvarme dyra og det tørre høyet. Og som far kan eg kjenna meg att i mora, Maria, hadde ho visst kva som ville skje, sverd i di sjel!

Den vakre melodien gjer og at at salmen dukkar opp att i adventstida. Eg skal syngja Folkefrelsar og Mitt hjerte alltid vanker – og eg skal syngja Djupaste mørker, når eg enno ein gong skal feira jul og minnast at Jesus Kristus kom til vår jord. Og eg seier med salmen: Ven frå det høge / du er min bror.

God jul!

Lars Arne Vik  
sokneprest i Øystese og Ålvik

Eg utfordrar Anne Lise Grøm til å skriva til neste nummer av ØyNytt!

## Gamalt bilete frå Øygarden

Elevar Alvheim skule 4.-5. kl. 1965-66



- 1. rekke frå venstre:** Viktor Pahr, Roger Rossnes, Gunni Sæle, Nina Dåvøy, Liv Krossnes, Solveig Dåvøy, Alice Fjeldstad, Bjørg Fjeldstad, Anne Harkestad.
- 2. rekke frå venstre:** Marie Alvheim, Else Beate Dåvøy, Margun Gjessholm, Margit Heggøy, Inger Krossnes, Atle Heggøy, Frank Naustdal, Audun Solbakk, Asbjørn Fjeldstad, Magne Harkestad, Kjell Fjeldstad.  
**Lærar:** Vigdis Yddal Mæland, no busett i Stryn.

## Øygarden Frivilligsentral søker fleire venner!



Alle som vil, ung og gamal kan bli med på Strikke- og heklekafe på Tednebakkane omsorgsenter den første tysdagen i kvar måned kl. 18 - 21

Øygarden Frivilligsentral starta opp 1. september i år. Vi får støtte frå kulturdepartementet og har ein dagleg leiar i 50% stilling. Frivilligsentralen ønskjer å formidle positive møte mellom menneske. Vi jobbar for eit varmt og inkluderande lokalmiljø. Som nyttilsett i Frivilligsentralen er eg imponert over engasjementet i Øygarden og viljen til å få ting til, seier Christel Møvik-Olsen.

### Aktivitetane myldrar

- Vi har no ei aktiv besøksteneste, følgjeteneste og leseteneste.
- Frivillige hjelper til å organisere trekksPELLtreff på Tednebakkane for dei eldre.
- Frivilligsentralen formidlar barnevaktar til barnefamiljar.
- Vi startar turgruppe 2 gongar i veka på Ormhilleren frå 9. februar kl. 10.50

### Seniortreff og besøksvenner i Øygarden

Saman med eldrerådet i kommunen ønskjer vi å setje i gong Seniortreff; ein kafé og sosial møteplass for seniorane i kommunen (55 år +). Vi er no på jakt etter spreke eldre som ønskjer å vera med på kafedrifta. Seniortreffet er tenkt å vera ope 1 gong i veka.

Frivilligsentralen si besøkteneste aukar og vi treng fleire besøksvenner, har du lyst til å få gleda av å hjelpa andre? Kanskje Øygarden Frivilligsentral kan vere plassen for deg? Du treff Christel på telefon 56 38 20 23 kvar dag, ta kontakt så får du vite meir.



Vi startar opp  
internasjonal matklubb  
25. januar kl. 17.30  
- 20.30 på Øygarden  
Ungdomsskule

## Eldretreff våren 2011

### Hjelme:

(Kyrkjelydssalen kl. 16:45)

### Blomvåg:

(Tednebakkane kl 16.30)

19. januar

20. januar

16. februar

17. februar

16. mars

17. mars

27. april

14. april

18. mai

19. mai

### Felles tur for eldretreffa i Hjelme og Blomvåg i juni.

Eldretreffa er for alle i alderen 65+ og er kyrkja sitt diakonale arbeid for denne aldersgruppa. Du er velkommen til eldretreff både i Hjelme og Blomvåg!

## Ungdommen hjelper eldre

Ved Sotra vidaregåande skule avd. Bildøy jobbar elevane på service og samferdsel (ISSA) linja med å etablere egne ungdomsbedrifter. Ei av bedriftene, Klubben & Co, har oppretta ei teneste for dei eldre. Der tilbyr dei å hjelpe dei eldre med praktiske ting som handling, vas-king, måking av snø og generelt anna arbeid både inne og ute mot timesbetaling. Denne tenesta blir tilbytt i Øygarden og Fjell, to av medlemma heldt til i Øygarden og to i Fjell.



Frå venstre:  
Silje Hitland Klubben,  
Stine – Lise Ottesen Berge,  
Anne Førde Blom og  
Therese Blom

# Bergen & Omegn

## BEGRAVELSEHJELP

### POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv

  
 Knut Helge  
Polden

  
 Espen  
Polden

  
 Elin Mikkelsen  
Berntsen

  
 Heine  
Polden

  
 Tom  
Wilson

**Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700**  
www.bergenogomegn.no

**AVD. BERGEN**  
Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

**AVD. SOTRA**  
2.etg på Shellstasjonen  
Sartor, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50



# Stille natt ved krigsfronten

Av Torbjørn Greipsland KPK.

Den grufulle skytinga frå den eine skyttargrava til den andre stilna om kvelden 23. desember 1914. Julaftan lydde brått julesongen "Stille Nacht, heilige Nacht" frå tyske soldatar.

- Det var mitt livs største augneblink, skreiv den engelske løytnanten Charles Bairnsfather seinare.

Den mange mil lange fronten mellom Tyskland og Frankrike/England strekte seg frå Nordsjøen til grensa mot Sveits. Jula 1914 var eitt av dei lyse minna, også bokstaveleg talt, i ein meiningslaus verdskrig.

Soldatane på begge sider var krigstrøytte. Skyttargravene var ein jammerdal. Rotter og skitt, råtnande lik og blod, boksemat og kuler, alt fann ein i skyttargravene. Soldatane som hadde dradd til fronten med glød og entusiasme, var krigstrøytte. Mange ropa "Ned med krigen".

## Skytinga stilna

Lille julaftan langs fronten i Belgia stilna skytinga på tyskarane si side. Dei franske og britiske offiserane rekna med det var stille for stormen. Men så kom det levande lys opp på kanten av dei tyske skyttargravene. Britane og franskmennene svara med å skyte. Men tyskarane skaut ikkje tilbake.

I staden fekk dei høyre julesongen "Stille natt". Først song ein tenor akkompagnert av ein kornett. Det var så vakkert. Deretter song dei tyske soldatane med.

Lysa som var tende, var små lys på juletre. For kvar 20. meter stod det eit juletre, og dei tyske soldatane stod synlege for alle og song. Franske og britiske soldatar byrja å klappa og song med.

## Tid til å gravleggje

Litt før jul hadde tyske offiserar tatt initiativet til ein våpenkvile. Ikkje minst så det blei tid til å gravleggje dei døde. Det gjorde dei 23. desember. Etter gravlegginga helste soldatar frå begge sider av fronten på kvarandre.

Det gjekk så langt at masse soldatar frå begge sidene kom ut i ingenmannsland. Dei utveksla gåver; sigarettar og sjokolade. Dei song. Og oppdaga at fienden var unge menn med draumar om ei fredeleg framtid. Så spela dei fotball. Og det kom framlegg om av avgjere krigen med ein skikkeleg fotballkamp!

Også offiserane deltok i våpenkvila. Med fare for å få alvorleg reprimande.

Men så kom generalane til fronten og truga med krigsrett om ikkje kampane blei tatt opp.

– Skyt, elles gjer vi det, og det blir ikkje på fienden, skreik dei.

## Til austfronten

Etter nyttår kom nye soldatar i staden for dei gamle. Men mange av dei tyske som hadde vore med på våpenkvila og ikkje skote i jula, blei sende til dei mest utsette stadene på austfronten.

Fleire slike våpenkviler i jula blei det ikkje så lenge verdskrigen vara. Tvert imot vedtok generalane at det i komande høgtider skulle vere ekstra kraftige åtak.

Den felles julesongen hadde tagna, og gjorde det i fire krigsår, og endå nokre år til.

Kjelder: Illustrert Historie 14-2007. [www.firstworldwar.com/features/christmastruce-.htm](http://www.firstworldwar.com/features/christmastruce-.htm)



Illustrasjon:  
Julaften 1914 tidde våpna.



**FRIVILLIG MEDARBEIDER?**

Noen ganger trenger man å snakke om vanskelige ting. Du kan være den som lytter når andre virkelig trenger det.

Kirkens SOS søker flere frivillige medarbeidere.  
Kontakt oss på 55 32 58 45/  
941 83 654, [bjorgvin@kirkens-sos.no](mailto:bjorgvin@kirkens-sos.no)  
sos.no eller [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)

# KENYA-HELING

## Gode lesar

Her kjem ei oppdatering frå oss i utlendighet. Vi må først få seie at vi har det godt og er heldige som får vere i eit slik flott land med så mange flotte folk. Her er mangfaldet stort og mange ulike oppgaver å gå inn i!

Tekst: Turid Toft Amenia. Foto: Christopher Amenia



Det som karakteriserer familien vår i desse tider er at vi alle er involvert i ein eller anna form for opplæring. Gutane går på skulen kvar dag og det ser ut som dei trivest, ikkje problem å komme seg opp om morgonen. David på norsk skule og har 1 minutt å gå frå huset vårt til skulen. Det er ingen stor skule, men dei som går her får god oppfølging av lærarane. Christopher har litt fleire minutt reise før han kjem til sin skule. Han går på ein internasjonal skule som ligg ca 20 min køyring frå her me bur. For han vart det vel den i familien som fekk største overgangen i år, han bytta nemleg skule for å få kortare reiseveg. Dei to tidlegare åra hadde han ei reisetid på ein og ein halv time kvar veg, no nyt han å sove lenger om morgonen og kjem tidlegare heim om ettermiddagen.

Janesh held på med det same og kosar seg med å ha kontakt med folk gjennom engelsk- og swahiliklassar.

Eg for min del har på ein måte fått andre oppgaver enn det eg trudde då eg reiste tilbake til Kenya. Det er ikkje alltid alt blir slik ein i utgangspunktet hadde tenkt, men det er kjekt å vere koordinator for TeFT (Tent For å Tjene). Det er fjerde kullet med TeFT-skole vi har her i Øst-Afrika i år. Det er norske ungdommar som kjem ut her får å oppleve misjonen

på nært hold og samtidig få med seg eit kort bibelskulekurs. Det er ingen ferie, men eg trur dei fleste reiser heim og vitnar om at dei 5 mnd dei har vore her har gjort noko positivt med dei. Eg har oppgåva med å legge alt til rette for dei mens dei er her samstundes som eg også har ein del undervisning med dei. Dei kom 22. oktober og skal vere her til midten av mars og på denne tida har dei fått vert innom dei fleste områder vår misjon arbeider. Dei deltar på ulike aktiviteter ilag med vår samarbeidskyrkje her i Kenya.

TeFT startar med 2-3 veker her i Nairobi og da i tillegg til undervisning i eit par fag er dei også ein god del ute og møter barn og ungdom i slummen. Det gjer noko med ein nå ein møter ungdommar på eigen alder som bur på gata. ELCK (Evangelical Lutheran Church of Kenya) har eit arbeid for desse ungdommane for å få dei bort fra gata og fortsetje på skule. To dagar i veka kan dei komme til kyrkja og få eit måltid mat og vaske både seg og klede dei går i. Eg spurte ein av dei som har ansvar for dette programmet kvifor dei ikkje gjev dei mat kvar dag? Svaret fekk meg til å føle meg ukonfortbel i min velstand: "Vi treng pengar til å kjøpe mat og vi har ikkje så mykje at vi kan gje dei mat kvar dag!"

No er TeFT ungdommane i Pokot og får vere med i ein del av dei daglege oppgavene kyrkja er involvert i der. I løpet av tida dei er her er har dei undervisning i bibelfag frå både GT og NT, truslære, tverrkulturell kommunikasjon og litt kiswahili. Førelasarane er både norske og nasjonale så engelsk er godt å kunne. Om du har lyst å finne ut meir om TeFT og sjå korleis dei har det kan du lese bloggen deira på [www.nlm.no](http://www.nlm.no) eller du kan ta kontakt med [teft@nlm.no](mailto:teft@nlm.no).


Vi fire her i Kenya vil ynskje kvar lesar ei velsigna julehøgtid og eit godt nytt år med Jesus som LYSET for verda. Han vil vise veg.

David, Christopher, Turid og Janesh



## Inspirasjonssamling for leiarar i barnelag!

Er du leiar på eit barnelag? Eller vurderer du å starte eit? Fredag 21. januar arrangerer Sotra/Øygarden NLM inspirasjonssamling for nettopp deg! Samlinga vert på Blom bedehus kl 18.30 til 21.30. Tema for kvelden:



Maks Hjelp-redaktør  
Inger Melbø Strangstad.

1. "Kva forkynner vi – og kva høyrer dei?" med redaktør for MAKS Hjelp-hefta, Inger Melbø Strangstad.

2. "Korleis formidla misjonstanken til borna? med tidlegare Etiopia-misjonær, Osvald Hindenes.

I tillegg vert det kveldsmat med informasjon om leiararbeid ved Leiar for NLM Ung i vår region, Ann-Elin Dyrøy. Vi avsluttar kvelden med samtale i grupper og moglegheit for å stille spørsmål til foredragshaldarane. Vi anbefalar å setje av denne kvelden og ynskjer hjarteleg velkomen!

Tekst: Hogne Berland  
Foto: NLM

Flotte julegaver fra kr. 125,-

**ØYGARDEN HUD & KROPPSPLEIE**  
Rong senter tlf. 5638 9515

## Flotte glasmaleri

Også i år har Øygarden kommune i samarbeid med kyrkja arrangert den kulturelle skulesekken for 6.klassingane. Og dei flotte glasmaleria dei laga er no utstilte på biblioteket.

Tekst: Trine Overå Hansen

Foto: TOH/Odd Normann Thormodsæter



Det er Liv Edel Mikkelsen frå kulturkontoret som har det overordna ansvaret for den kulturelle skulesekken i Øygarden. Ho set kvart år opp avtalane mellom skuleklassane og kyrkja, bestiller inn nødvendig materiell, og sørger for at glasmaleria vert stilt ut på biblioteket. Kyrkjelydspedagog, Trine Overå Hansen, tek imot klassane i kyrkja og underviser dei om symbolikk,

kyrkjehistorie, kyrkjearkitektur, maleteknikkar og fargelaging. Og dagen vert avslutta med at alle får lage sitt eige glasmaleri.



Glasmaleria heng utstilt på biblioteket på Rong Senter, der det også er eparkakeby no i førjulstida. Etterpå får borna dei attende, så det er mange foreldre og besteforeldre som kan glede seg til ei kjempefin julegåve!



## NAV Markedstjenester



### På utkikk etter nye medarbeidere nå eller på et seinere tidspunkt?

Nav Øygarden ønsker et samarbeid med bedrifter i forbindelse med rekruttering av nye medarbeidere.

Blant våre brukere finnes det gode og kvalifiserte kandidater som etterspør fulltidsarbeid, deltidsarbeid og sesongarbeid.



#### Nav kan tilby følgende tjenester innen rekruttering;

- Arbeidsgiverkontakt pr telefon mob 996 30 100

- Mottak og registrering av ledige stillinger – [nav.oygarden@nav.no](mailto:nav.oygarden@nav.no)

- Finne og sende over CV'er på aktuelle kandidater

- Selvbetjeningsløsning - registrering av ledige stillinger via [www.nav.no](http://www.nav.no)

**NB! Disse tjenestene er selvfølgelig kostnadsfrie for deg som arbeidsgiver.**



NAV Øygarden har behov for utleigebustad både til einslege og familiar med / utan barn.

Kommunen skal også ta imot

flyktningar komande år. NAV Øygarden oppfordrar difor særleg dei som ynskjer å leige ut til flyktningar om å ta kontakt med bustadkonsulent Britt-Åse Reme. tlf.99216107/ 815 81 000.

-din el-kontakt

VESTGAR  ELEKTRO

Postboks 30, 5331 Rong

T: 56 38 94 73

E-post: [post@vestgarelektro.no](mailto:post@vestgarelektro.no)

[www.vestgarelektro.no](http://www.vestgarelektro.no)

## 6.-7. klasseleir på Skjergardsheimen!

Det var nok ein gong klart for leir på Skjergardsheimen og denne gongen var det 6. og 7. klassingane sin tur. Temaet for leiren var "Bli kjent med Jesus" og Ole Andreas Wastvedt hadde kjekke bibeltimar der vi fekk høyre meir om Jesus. I tillegg fekk vi tid til fotball, leik, sporlaup, reflekslaup, song, kveldssamlingar, kino, kiosk, kakebaking, kakeeting og litt rangling! Dei kulaste leiarane var visst dei som gjekk på ungdomsskulen, men vi litt eldre håpar at det var kjekt å vera med oss og! Håpar vi snakkast igjen på neste leir!

*Tekst: Hogne Berland*

*Bilete: Herborg Kari B. Evensen*



## Ny "Sprell Levande"-klubb på Rong bedehus

Tysdag 23.nov var det "duka" for ein heilt ny "Sprell levande" søndagsskule-klubb midt på ein tysdagskveld. Spente var me, om det dukka opp nokre born. Og det gjorde det, og kjekt var det og at nokre vaksne stoppa igjen. Denne kvelden var det barne- og ungdomsarbeidar Hogne som hadde andakt og fortalte om blinde Bartemeus. 5-åringane fekk barnebibel frå kyrkja, og så åt me vaflar og borna laga fine julekort som dei gleda seg til å gje bort til jul. "Sprell levande"-klubben er for 5-9 åringar og skal vera den 3.tysdagen i månaden, frå kl. 17:30 – 18:45. Men i desember vert den ilag med Adventsfesten laurdag 11.des.

Her er plass til fleire så det er berre å ta turen ☺



## Så ler vi litt...

### Keisar

Vesle Ivar ringjer til farmor: - Vi fekk ein ny liten bror i natt!

Farmor: - Kom han med storken?

Ivar: - Nei, eg trur han kom med keisaren...

Farmor: - No tøysar du godt med farmor.

Ivar: - Nei, det er sant, pappa sa det, han kom med keisar-Snitt!

### Kongen

Ein femåring fekk brev i posten frå tanta si. Han var ikkje så god til å lesa så han spurde mora kven det var frå.

– Det står jo der på konvolutten, sa mor.

Guten snudde og vende på konvolutten og studerte frimerket

– så sa han:

- Eg trur jammen det er frå kongen!

### Bevis

Frua vart stansa i fartskontroll i ein 50-kilometersone.

Politimannen: - Dette ser ille ut -du køyrde i 95 kilometer i timen...

Frua: - Dette er direkte latterleg... Eg kan bevisa at eg ikkje har køyrd meir enn i knapt eit kvarter!!

### I retten

Dommaren: - Har du vore straffa nokon gong før?

Tiltalte: Neiiii – aldri før – berre etterpå.



## Barne- og ungdomssider

Konfirmantleir i Sætervika


### Ei kjempekjekk helg!

19.-21. november reiste vi til Sætervika på leir med ein flott gjeng med konfirmanter. Det var ei opplevelsesrik helg, med mykje gøy. Vi hadde morosame leikar ute, kanopaddling, bading(!), musikk og song og ein laang og variert underhaldningskveld, der både leiarar og deltakarar fekk utfalda seg.

Tekst og foto: Trine Overå Hansen



Tema for leiren var ”Gud har ein plan med deg”. Og dette var den raude tråden som gjekk gjennom andaktar, undervisning, oppgåver og filmkveld. Leiarane hadde verkeleg ei flott helg, og synest kanskje det beste er at vi fekk bedre tid til samtale og sosialt fellesskap enn det vi har til vanleg. Og for ein fin gjeng å reisa på leir med!!



# Kva betyr den nye pensjonsreforma for deg?

I 2011 kjem det ei ny pensjonsreform som vil påverke pensjonen for oss alle. Reforma medfører at kvar og ein av oss må ha eit meir aktivt forhold til vår eigen pensjon.

Snakk med rådgivaren din i Sparebanken Vest for ein gjennomgang av kva konsekvensar den nye reforma får for deg.

 SparebankenVest



- Ei rein og skjær handleglede ved havgapet!

**EUROSPAR** 

Fisk - og ferskvarespesialisten	Fristende frukt og grønt
Innholdsrik betjent ostedisk	Nydelige nystekte bakervarer
Velsmakende varm mat	Herlig salat - og fruktbar

Måndag - fredag 8-22, Laurdag 9-20

 **EUROSPAR Rong** tlf. 56 38 71 40



Velkommen til oss

**Catering:**

- Varm Mat
- Baguetter
- Koltallerken
- Kaker

**Rong Kafe a/s**

Tlf: 56 38 74 54

Ønsker du sol hjem?

Vi kan tilby 12 rørs solhimler eller solseng med høy kvalitet. Du ringer - vi bringer!

Vi forhandler også solariumskrem og -briller

**B-P-S Solutleige**

v/Arvid Rong 5337 Rong  
Tlf: 56 38 74 54 Kveld: 56 38 73 22

Mobil: 918 56 258

Vi formidlar blomster til innland og utland



**Blomsterbua**

Rong Senter  
Telefon: 56 38 92 65  
Postboks 107, 5331 Rong





**frisør** trend

RONG SENTER

Eigne prisar for pensjonistar

Langope torsdag

TIMEBESTILLING 56 38 73 90



5334 HELLESØY  
TLF: 56388008/47755570  
ORG.NR.984589565  
e-post:hellesoy@ngbutikk.net

ÅPNINGSTIDER :  
MAND.-TORSD. 900-1800  
FRED. 900-1900  
LØRD. 900-1600

VI HAR SØNDAGSÅPENT I SOMMERHALVÅRET.



- Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m EU/kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- V askehall
- Kaffiavtale
- Gass



**BLOM**  
**SERVISESENTER AS**

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80  
**Godkjent bilverksted**



Installasjon industri, bolig  
Data- og telenett  
Alarmanlegg  
Antenne/parabolanlegg  
Elektroverksted  
Elektrisk forretning

**Tlf. 56 38 50 00**  
Vakttelefon: 922 34 062

www.torsteinsvik.no

Bokhandelen som setter kristen  
litteratur og musikk i fokus



Minibokhandel  
på  
kyrkjekontoret

**Bok & Media\* Vestbok**  
Vetrlidsallmenningen 1 5014 Bergen  
Tlf: 55 31 79 63  
www.vestbok.no

# Frå sokneprest Dankert Skagen si presteteneste

**Vit da, Norge, hvad du er...**

**...saa vi fatter, hvad der menes med**

**Den norske menighet.**

Lilly Troland sin Øygardssong er velkjend. Då Lilly vart gravlagd frå Hjelme kyrkje den 28.mai 2010 vart denne songen nytta i innleiinga til sørgehøgtida. Der eg sat framme i koret og høyrde kyrkjelyden sin vakre song og sterke engasjement tenkte eg: Dette er Øygarden sin "fedrelandssong"!

Men Øygarden har nok óg ein "fedrelandssalme". Noreg held seg jo med både "Ja, vi elsker" og "Gud signe vårt dyre Fedreland"!

Denne salmen vart skriven av ein av mine forgjengarar, Sokneprest Dankert Skagen: (Her tek vi med berre tre av i alt 8 vers)

*Helt vest, hvor landet slipper,  
ja der, hvor øigardsklipper  
i havkant stiger frem-  
ved sund, i trange vik,  
hvor maasesværmen skriker,  
har Herren sat vort hjem.*

*Ja, Herre, vi vil bede  
i trofast søskendkjæde  
saa mange, som er med:  
Frels os, at ei vi tapes,  
send aanden, at vi skapes  
og fød din menighet!*

*En menighet, som lever,  
en menighet, som bæver  
for Josefs skade! Gud!  
giv samhold mellem flere,  
at vi dit navn kan ære  
til brødres gavn, o Gud!*

*For Jesu skyld vi beder,  
i Jesu navn vi træder  
for Dig, med ydmyg bøn!  
Han kornet var, som døde,  
la os nu bli dets grøde,*

Alf Sæle, som døydde 7.oktober i år hugsa godt at bestemor hans siterte dei første linene i denne songen, det var mest som eit ordtak! Og orda gjorde eit stort inntrykk på han.

Dankert Skagen var Sokneprest til Herdla 1908-1916, og songen er datert 29.juli 1910, då eit av fleire store Olsokstemne vart halde på Eldsfjellet, Holsenøy.

Skagen hadde sterk interesse for tradisjonen.

Skagen fortel óg om gamle som tok vare på dei heilage bøkene i eit skrin under senga. Noko slikt hadde han aldri sett før, sa han.

Dankert Skagen ivra sterkt for å gjera Herdla kyrkje vakrere innvendig. Han fekk lagt nytt golv i kyrkja og måla henne. Den gamle preikestolen frå 1631 vart sett inn att i kyrkja i 1910 saman med ny døypefont i kleber. Diverre strauk preikestolen med i kyrkjebrannen i 1934.

## **Vidare livsløp**

Skagen var tredjeprest i Sandviken frå 1916-1918 og vart så overlærer ved Bergen katedralskole(og frå 1921 lektor same staden). Han var óg frå 1918 prest ved Bergen Fødselsstiftelse. Frå 1926 Kallskapellan i Fana.

## **Til Fana**

Biskop emeritus, dr.theol. et philos. Per Lønning fortel denne saga frå 1933: "Hver dag pleide Andreas og jeg å gå for å møte far når han kom hjem fra kontoret, enten han nå kom med busslinje nr. 7 til bygrensen eller han steg av toget på Minde stasjon. En gang vi kom ned på stasjonsperongen, stod elskelige pastor Skagen der. Dankert Skagen, dengang kallskapellan i Fana, var på en gang en markert profil og et hjertevarmt menneske. Ansiktet la man straks merke til, den rødlige hudfargen stod i vidunderlig kontrast til hans hvite skjegg. Mellom de to småguttene - 5 og ikke fullt 4 år gamle - starter følgende samtale: Lillebror (som ikke kan si R): Hjelp, del stål en løvel!

Storebror: Hysj, hysj - ser du ikke at der er presten!

Skagen: Neimen goddag, gutter. Hva heter dere?

Storebror: Det må da du vite som har døpt oss!

Samtalen fortsatte i stor gemyttlighet.

Jeg husker den beveget seg over temaer som Josef og hans brødre, og kirkeårets søndager. Skagen forklarte forskjellen mellom søndag septuagesima og søndag seksagesima. Selv hadde jeg bommet og snakket om «sexuagesima». I samtalen løp følte jeg meg svært beklemt over at min lille bror ikke kunne si R enda, og gjorde en litt overlegen bemerkning om



dette.

Lillebror: Jeg skal nok kunne si L til jeg blil plest!

Skagen: Neimen, hvor er det du skal bli prest henne da?

Lillebror: Jeg skal bli plest i Kolskilken.

Storebror: Og jeg skal bli prest i Fusa.

Skagen: Jaja, det var jo der Marstrander var prest i mange år.

Storebror: Det er Grahl-Nielsen som er prest i Fusa!

... Skagen hadde referert den for biskop Fleischer, og via diverse kanaler fløt den tilbake til familien."

I år har me 2010. Dette er hundreårsminnet for 29.Juli 1910

Då heldt sokneprest Skagen Olsokstemna på Eldsfjellet. Alf Sæle hugsa óg godt at foreldra hans fortalde at dei hadde vore på Olsokstemna, og at dette vart arrangert minst 2 gonger. Han registrerte óg at det rundt 1930(Olavsjubiléet 1030-1930 på Stiklestad 29.juli)vart forsøkt å ta oppatt den lokale tradisjonen. Møtet vart samanlikna med "Stormøtet" til Herdla og Hjelma Indremisjon.

## **Kristenarv og Kulturarv**

Sokneprest Dankert Skagen sitt ettermæle minnar oss på den arven både landet vårt og kyrkja vår har.

## **Den norske kirke.**

Hellig Olav, Haralds søn satte spir paa Norges kirke, da hans store konge-virke

fik en martyr-krones løn:

Folket angret, folket bøiet

# Juleverkstad på Tednebakkane

## Flittige hender i høg inne-temperatur!

Sjølvs om kulden var bitande utanfor, var det lunt og godt i daglegstova på Tednebakkane der dei eldre hadde fått besøk av dagsenteret og born frå Terna barnehage tysdag 30. november.

Som felles prosjekt hadde dei sjølvlagde julegåver og julepynt på dagsorden.

Humøret var på topp hos både liten og stor medan skaparevna vart sett på prøve.

Det var tydeleg at alle som tok del sette pris på dette flotte tiltaket!



*Flinke instruktørar sette fart i produksjonen*

sig i bøn, og uten tvist  
gav det Olav lov, ophøiet  
som han var hos Hvite-Christ.  
Hvite-Christ var Olavs drot,  
høvdingfødt fra evigheten,  
konge over menigheten  
fyrstesøn i himmelslot;  
Olav Konge var en kriger,  
Christi tro haandgangne mand,  
som av alle jordens riker  
gav ham sit: Det norske land.  
Vit da, Norge, hvad du er  
ved det Olavs konge-virke:  
Norge er Den norske kirke,  
fylket folk i Christi hær.  
Løft din røst i salmesange,  
Norske kirke, for din drot!  
Du er Norge; du skal gange  
frem engang for himmelslot.  
Tjen din Herre, Jesus Christ!

La hans aand i dig faa raade;  
vær frimodig ved hans naade;  
altid seirer du tilsidst!  
La kun alle, alle enes  
i vor Frelzers kjærlighet,  
saa vi fatter, hvad der menes  
med Den norske menighet.

Sjølvs om Skagen skriv på riksmål, høyrer  
vi hjå han "same tonen" som i salmar og

dikt hjå professor Elias Blix (td Gud Signe  
Vårt Dyre Fedreland, NoS 739 og No  
Livnar det i Lundar, NoS 765), sokneprest  
Anders Hovden (Fagert er Landet, NoS  
740) og biskop Bernt Støylen (Fedrane  
Kyrkje i Noregs Land, NoS 743). Men óg  
hjå Bjørnson i Fedrelandssongen, v.2 og 7:

Og Skagen har ikkje minst makta å føre  
vidare "tonen" i Erkebiskop Eirik Ivarsson  
sin Olavshymne Ljoset over landet dagna,  
ta og les i NoS 741!

Men ved eit lokalt Olsjokjubileum høyrer  
det óg med å understreke det viktige  
i St.Olavstradisjonen. Hendingane på  
Stiklestad 29.juli 1030 vart "overskrifta"  
i kristninga av landet vårt, men "teksten"  
står nok hendingane på Mostratinget 6 år  
før for.

Skagen sin innsats og tekstar minnar oss  
på dette, i ei tid der landet vårt er på veg i  
ei anna retning enn den Skagen ønskte.

*Sokneprest@kyrkja.net*

## Dankert Skagen

F. i Bergen 17. feb. 1877. Foreldre  
opsynsmann Peter Skagen (f. 1. sep.  
1845, d.8. nov. 1924) og Anna Sofie,  
f. Hammerstad (f. 9. nov. 1849, d. 4.  
mars 1924).

Student 1895, cand. theol.  
1901(2), pract.(2).

1902-1903 kst. adjunkt ved Bergen  
katedralskole, 1903 pers. kap. hos  
sognepr. ved Domkirken i Bergen,  
1907-1908 hjelpepr. v. Domkirken  
i Bergen, 1908-1916 sognepr. i  
Herdla, 1916 tredjepr. ved Sandviken  
i Bergen, 1918 lektor ved Bergen  
katedralskole (fra først av overlærer,  
fra 1921 lektor) og prest ved Bergens  
fødselsstiftelse. Kallskap. i Fana  
1926.

Gift i Oslo 1903 m. Hanna Marie  
Hansen, f. i Oslo 9. feb. 1877.  
Foreldre lagerformann Nils Hansen  
(f. 21. aug. 1846, d.1885) og Oline  
Hovelsen (f. 11. sep. 1847, d. 20.  
april 1924).

## Lanserer nettside for små barn

Acta - barn og unge i Normisjon lanserte tidlegare i haust ei nettside for dei som er ti år og yngre. Ein treng korkje å kunne lese eller skrive for å ha glede av sida, melder normisjon.no Amigos er Acta si satsing på barn opp til ti år.

- Målet er å gi dåpsopplæring til barn, og at barn skal bli kjent med og tent for misjon, seier Amigos-konsulent Henrik Guui-Larsen. KPK

## Verdas beste vaflar i New York

Sjømannskyrkja sin vaffelkonkurranse har fått ein vinnar: sjømannskyrkja i New York.

- Vi er utruleg glade for å endeleg få ros for våre fantastiske vaflar. Takka vere eit stort engasjement frå våre vener i heile verda, har dei beste vaflane vunne konkurransen i år, seier staben i sjømannskyrkja i New York til sjomannskirken.no.

Totalt vart 4.585 røyster gitt, og New York kapra førsteplassen med 1.401 røyster føre Alanya med 1.218 røyster. København kom på tredje plass med 986 røyster. KPK

## Misjonsalliansen fekk pris

9. oktober mottok Misjonsalliansen ein pris for organisasjonen sitt sosiale arbeid i Guayaquil i Ecuador. Prisen vart delt ut av visepresidenten i samband med ei markering av byen sitt 190-årsjubileum for frigiering frå Spania. Den bestod av eit diplom og ei gullmedalje og vart tildelt Misjonsalliansen representert ved utsending Kjetil Sande.

I grunngevinga for prisen heiter det at Misjonsalliansen er ein ikkje-statleg organisasjon utan profitt, basert på eit kristent fundament som har til oppgåve å leggje til rette for ei integrert utvikling av vanskelegstilte menneske. Det vert lagt vekt på at Misjonsalliansen gjennom hardt arbeid har medverka til å utvikle det sivile samfunnet med verdiar som tar vare på verdigheita til menneska. Dessutan har organisasjonen gjennom seksten år medverka til vekst og sosial utvikling av viktige område i Guayaquil.

Det finst 50 000 såkalla ikkje-statlege organisasjonar i Ecuador.

- Dette er rekna for den tredje høgaste utmerkinga ein kan få her i landet. Det viser ei anerkjening av arbeidet vårt. Det ligg og eit ansvar i det å ta imot ei slik utmerking. Vi må leve opp til grunngevinga for kvifor vi fekk den, seier Tomás Humberto Rodríguez, som er informasjonsmedarbeidar ved Misjonsalliansen sitt kontor i Guayaquil. KPK

## Hans Fredrik Dahl om trua

- Det vanskelige med troen er egentlig ikke å få det til å passe inn i et vitenskapelig verdensbilde. Jeg har ikke noe problem med å tro at Gud ble menneske, og at han døde og sto opp igjen. Jeg tror fullt og fast på vitenskapelige forklaringer av verden, men oppfatter at Gud står bak. Probleemene er mer ... av moralsk art.

- Hva legger du i det?

- Det er av og til vanskelig å holde troens flamme så høy og varm som jeg vet at den fortjener. Som menneske plages jeg av at jeg kommer til kort overfor både Gud og medmennesker. Jeg vier for mye oppmerksomhet til andre ting.

(Historikar og professor emeritus Hans Fredrik Dahl i intervju med Agenda 3:16)

## Vest Modul AS

5336 Tjeldstø

• Tilbygg

• Nybygg

• Rehabilitering

• Montering og utleige av brakker Trelastlager Tjeldstø

Normann 958 19 905

Ingvard 958 10 967



Tradisjonen tru song barnekoret Lyskastaren inn jula på Rong senter. Herlege barnestemmer og finpynta barn fylte sentertorget denne lørdagen. Stolte foreldre og besteforeldre og andre handlande, sto spente og høyrde, såg og klappa for dei flinke borna. Etter songen var det stor stas når dei fekk brus og julesnop hjå nissen. I år var det brødrene Øystein og Bjarte Vik som leia barnekoret.

Tekst og foto: Kari S. Rong

## Vi spurte nokre i koret om jula:

1. Kvifor feirar vi jul?
2. Kva syns du er det beste med jula?
3. Har du laga nokre julepakkar i år?

### Jakob og Simon Vik:


1. For Jesus
2. Å få pakkar
3. Ja, me har laga på SFO

### Rebekka Helen Skråmestø

1. For Jesus vart født
2. Å opne presangane
3. Har laga i klassen

### Martine Øyre Vik:

1. Jesus ble født
2. Presangane
3. Har lagd på SFO



## Ei god og signerik julehøgtid

Frå sokneprest, stab og sokneråd til alle lesarar av ØyNytt.

Vi er til stades for å tena innbyggjarane i Øygarden. Bruk oss!

Samstundes vil vi senda ei stor takk til alle frivillige medarbeidarar i søndagsskule, barne- og ungdomsarbeid og eldrearbeid for god og trufast teneste i 2010.

# Kjøp kjapt, trygt og billig

## **KIWI** mini pris

Søre Sæle

**Tlf. 56 38 71 20**

Mand – fred kl.08.00 - 22:00

Lørdagar 08:00 – 20:00

Det er vi  
som bygger Øygarden



Tlf. 56 38 28 00 - Fax 56 38 28 09

Adr. Pålsneset, 5337 Rong

[www.th-bygg.no](http://www.th-bygg.no)

## Øygarden Cafe og Catering Tjeldstø

Har lokale til ca. 100 personer.  
Arrangerer bryllaup,  
konfirmasjonar og andre  
tilstellingar.

Kan leverta mat til alle  
anledningar.  
Middag, koldtbord og snittar.

Tlf. 56 38 93 80

## Indrøy Taxi & Transport

1 - 11 passasjerer

Rullestol

**Mobil: 90 59 90 59**



## Åsane Begravelsesbyrå AS

v/Johannes Blom

Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES

Døgnvakt tlf.: 5518 9000

## Rossnes Taxi

Magne Ingvald Rossnes

Tinging av turar på

tlf.: 56 38 91 91 / 951 12 634

## Solstrands Begravelsesbyrå



Herman Fossgt. 11, 5007 Bergen

Telefon 55 55 16 16 hele døgnet

E-post: [post@solstrands.no](mailto:post@solstrands.no)

Vår erfaring - din trygghet

## Gravminner

Leveres ferdig montert med garanti.  
Be om katalog og pris.  
Skrifthugging og oppussing utføres.



Bjørn Solheimslid  
5336 TJELDSTØ

Tlf. 5638 9534 / 4004 1045



Tlf.: 56 38 24 40 - Fax: 56 38 24 41

Mobil: 928 41 790

E-mail: [post@oygarden-elektriske.no](mailto:post@oygarden-elektriske.no)

Sotra Omegn  
BEGRAVELSESBYRÅ  
- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet  
Skjernet 4, 5353 Straume (samme hus som Ligningskontoret)

## KYRKJELEGE HANDLINGAR

### TIL LUKKE



#### 70år:

23. des Anne Karin Hernar,  
Hjelmetunet  
10. febr Hanna Oline Skråmestø,  
Råkebakkane

#### 75år:

20. des Håkon Johan Vik, Vik  
22. des Mons Kristoffer Nakken,  
Dåvøyvegen  
6. jan Alf Norvald Turøy, Rong

#### 80år:

11. des Reidar Johan Toft, Toft  
14. des Jenny Magnhild  
Hetlevik, Hellesøy  
29. des Borghild Landro, Vik  
23. jan Alfhild Knarvik,  
Garnesvegen  
2. febr Olga Randi Torsvik,  
Torsvik

#### 85år:

12. jan Adolf August Torsvik,  
Torsvik

#### 90år:

19. jan Helena Dale, Dale

### Takk

På vegne av bebuarane takkar  
Tednebakkane Omsorgsenter  
Kjell Ola Haugtun for  
pengegåva på kr 15.000,-

Med venleg helsing  
Kari Fjeldstad  
Sekretær Tednebakkane  
Omsorgsenter  
Tlf: 56 38 23 00

### ØYGARDEN BIBLIOTEK

Opningstider:  
Måndag og fredag: 10.00-15.00  
Onsdag: stengt  
Tysdag og torsdag: 11.00-19.00  
Opningstider i jula:  
Stengt jule- og nyttårsafta, elles vanlege  
opningstider.

### Konsert ved Rong Brass i Blomvåg Kyrkje

Torsdag 9. des. kl. 19:00

### DØDE

#### Blomvåg:

Margit Viktoria Ness Herdlevær,  
Herdlevær f. 1916  
Haldis Torsvik, Vik f. 1931  
Martha Haugetun, TBOS, s. 1929

### DØYPTE

#### Blomvåg:

Eirik Haugetun, Bergen  
Benjamin Breivik, Vikatoppen  
Rasmus Pedersen Toft, Hønefoss  
Andrea Madeleine Dale, Blomvåg  
Maxmiliam Solsvik, Rakebakkane  
Filip Prestvold Hellesøy, Pålsneset  
Mathias Marøy, Torsvikhøgda  
Aurora Nicole Robles, Straume  
Vilde Elvestad, Toft  
Line Sofie Oen, Veslevarden

### Minneord for Marta Haugtun

Eg hugsar frå mi tidlege skuletid at læraren hengde opp eit kart der det stod "Jodeland på Jesu tid." Kva han sa om kartet hugsar eg ikkje noko av, men i timen snakka han om "Dei stille i landet." Eg trur det stod noko om det på siste sida i bibelsoga (?) Kartet er sikkert borte for lenge sidan, men "Dei stille i landet" finst det nok mange av enno. Marta var ei av dei. Ho sa ikkje så mykje ho Marta, ho deltok aldri i diskusjonar, men ho hadde ei sterk Guds- og Jesustru. Det var fundamentet i livet hennar som ikkje nokon kunne ta frå henne, korkje sjukdom eller depresjonar, eller noko anna. Ho hadde ikkje lett for å opna seg i vitnespyrd eller bøn, men ho var glad i å syngja, Når ho var hjå gamle og sjuke song ho for dei. Songen som betydde så mykje for henne sjølv, ville ho skulle vera til glede og trøyst for dei ho var hjå. "Gå omkring i Jesus navn, hjelpe, trøste, stille savn, vise medynk, tørre tårer, lege alt som hertet sårer. Virke sådan i det stille - Det var det jeg gjerne ville."

Dei fleste av dei ho var hjå er nok borte. Men eg trur Marta sette spor etter seg i dei heimane ho var innom. Eg trur dei er enige med meg når eg seier: Det lyser fred over Marta sitt minne!

Ingrid Haugetun

## GUDSTENESTER

**05. des Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Familiemesse v/ S. Martinsen. Dåp. Nattverd.

**12. des Hjelme kyrkje kl. 11:00** Høgmesse v/ E. Hjortland. Nattverd.

**19. des Hjelme kyrkje kl. 15:30**  
Vi syng jula inn. Kor og korps tek del.

**19. des Blomvåg kyrkje kl. 18:00**  
Vi syng jula inn Kor og korps tek del.

**24. des Tednebakkane omsorgsenter kl. 11:00**  
Gudsteneste

**24. des Blomvåg kyrkje kl. 14:30**

Julaftangudsteneste v/ E. Hjortland.  
Rong skulemusikk deltek.

**24. des Blomvåg kyrkje kl. 16:00**

Julaftangudsteneste v/ E. Hjortland.  
Øygarden gospel deltek

**24. des Hjelme kyrkje kl. 16:00**

Julaftangudsteneste v/ S. Martinsen.

**25. des Hjelme kyrkje kl. 12:00** Høgtidsmesse v/ S. Martinsen. Nattverd

**01. jan Hjelme kyrkje kl. 12:00** Høgmesse v/ S. Martinsen. Nattverd

**02. jan Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Høgmesse v/ S. Martinsen. Dåp. Nattverd

**9. jan Hjelme kyrkje kl. 11:00**

Høgmesse v/ S. Martinsen. Tale v/ Yngve  
Leine frå NLM. Nattverd

**16. jan Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Familiemesse v/ E. Hjortland. Nattverd

**23. jan Hjelme kyrkje kl. 11:00** Familiemesse v/ S. Martinsen. Nattverd

**30. jan Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Høgmesse v/ S. Martinsen. Nattverd

**6. feb Hjelme kyrkje kl. 11:00** Høgmesse v/ S. Martinsen. Nattverd

**13. feb Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Familiemesse v/ S. Martinsen. Nattverd

## JULEFESTAR OG KONSERTAR

### ADVENTSFEST

**Laurdag 11. des kl. 16:00:** Rong bedehus. Song av borna. Andakt ved Ingrid Sandøy. Utlodning. Kaffi, brus, rudstykker og hot-dog.

### VI SYNG JULA INN:

**Søndag 19. des - Hjelme kyrkje kl. 15:30**

Øygarden barnekantori, Øygardskoret, øygarden trekkspelklubb og Rong brass deltek.

**Blomvåg kyrkje kl. 18:00** Rong skulemusikk, Øygarden Gospel og Øygardskoret deltek.

### JULEFESTAR

**Tysdag 28. des. kl 18:00** Tjeldstø bedehus.

Julefest for heile familien

**Onsdag 29. des kl. 18:00** Hellesøy bedehus.

Julefest for heile familien. Mat, julepregang og diverse program

**Søndag 2. januar kl. 16:00** Vik bedehus.

Julefest for heile familien. Bjarte Vesetvik held andakt

**Søndag 2. jan. kl. 17:00** Betania bedehus, vestre. Tale ved Leif Nesheim. Bevertning

Returadresse:  
ØYNYTT  
Boks 144  
5331 RONG



# Lyset ovanfrå

Juleandakt av Rolf Kjøde, generalsekretær i Normisjon

*I opphavet var Ordet, Ordet var hos Gud, og Ordet var Gud. Han var i opphavet hos Gud. Alt vart til ved han, og utan han vart ikkje noko til. Det som vart til i han,*

*var liv, og livet var lyset for menneska. Lyset skin i mørkret, og mørkret har ikkje overvunnet det. Eit menneske stod fram, utsendt av Gud; Johannes var namnet hans. Han kom for å vitna. Han skulle vitna om lyset, så alle kunne koma til tru ved han. Han sjølv var ikkje lyset, men han skulle vitna om lyset.*



*Det sanne lyset som lyser for kvart menneske, kom no til verda. Han var i verda, og verda vart til ved han, og verda kjende han ikkje. Han kom til sitt eige, og hans eigne tok ikkje imot han. Men alle som tok imot han, dei gav han rett til å bli Guds born dei som trur på namnet hans. Dei er ikkje fødte av kjøt og blod, ikkje av menneskevilje og ikkje av manns vilje, men av Gud. Og Ordet vart menneske og tok bustad mellom oss. Og vi såg hans herlegdom, ein herlegdom som den einborne Sonen har frå Far sin, full av nåde og sanning.*

## Johannes 1, 1-14

Alt er så annleis med budskapet i jula. Den bryt så definitivt med sjølvproduert religiøsitet. Når Jesus stig inn i vår verd og Gud slik blir menneske, forkynner han så tydeleg som han kan: Hjelpa og lyset kjem ikkje innanfrå.

Dei nyreligiøse djupdykka i menneskesinnet forfører oss til å tenke at vi må forløyse ressursar i vårt eige sinn. Svara på dei djupe spørsmåla våre og løysinga på dei djupaste problema finst ikkje i eigenutviklingskurs eller anna sjelegranskning. Englane frå julenatt er ein ytre realitet som står til Guds disposisjon og ikkje skjulte ressursar som kvar av oss kan få kontakt med gjennom nyåndelege teknikkar.

Lyset kjem ikkje innanfrå. Det lyset som gir liv, kjem utanfrå. Ovanfrå.

Då Jesus kom til verda som Guds son, fekk han ein trong fødsel. Den fysiske mottakinga var full av risiko – oppe i dyra sitt matfat. Dei som kom til å stå rundt han, var utstøtte gjetarar og mistenkelege utlendingar, forutan det unge paret som var komne i ulykka. Dette var likevel berre eit teikn på det som skulle møte Jesus då han stod fram i den offentlege tenesta. Han blei i det store og heile avvist – enda han var sjølv lyset, lyset ovanfrå.

Jamt over synest vi meir om lyset enn om mørkret. I vintertida må vi kompensere med både vitaminar, lys og felles hygge. Samanfallet av jul og midtvinter er ei velsigning. Nokre gonger er lyset likevel ubehageleg, fordi det avslører det vi helst ikkje vil sjå, enten det er flekkar i taket, skitne vindauger eller støvete krokar. Og det handlar om slike reaksjonar på Jesus når vi les om han som kom til sine eigne, men dei tok ikkje imot han. Jesus er avslørande. Han gjer oss merksame på at vi ikkje har noko håp ved å satse på lyset innanfrå. I våre indre er det lettare å finne avstengte, mørke rom enn lyskjelder. Synda sit djupt, og all avsløring fører til protest.

Forskjellen på lys og mørke er avgjerande. Mens lyset er energi, er mørkret faktisk ingenting. Når vi seier at mørkret har makt eller at mørkret rår, er det eigentleg umulig. Mørkret er berre fråver av energi. Når vi opnar ei dør mellom eit heilt mørkt og eit sterkt opplyst rom, fell ikkje mørkret inn i det lyse rommet. Det er lyset som driv bort mørkret. Heilt automatisk. Krafta overvinn kraftløysa.

Slik er det i liva våre også. Julebudskapet er at Gud har opna døra mellom himmel og jord, mellom seg og oss. Det er verdas beste budskap! På den måten har han demonstrert at mørke, synd og død ikkje har nokon rett til å herske i verda og i liva våre. Lyset skin i mørkret, og mørkret kan faktisk ikkje overvinne det. Det er imot naturlovene, også dei åndelege. Problemet er ikkje fråver av lys. Problemet er at vi så lett vil skjule oss for lyset, knappe oss til, dekke over, la det uoppgjorte bli liggjande i mørke kjellarar djupt nede i oss. Jula er Guds invitasjon til oss som kjenner på mørkret i eigne liv, ein invitasjon til å opne opp for lyset ovanfrå. Berre slik blir vi det vi var tenkt å vere; Guds barn.